KONTRAKTSFØRESEGNER

1 Generelle kontraktsføresegner

NS 8405 gjelder som generelle kontraktsføresegner. I tillegg gjelder dei spesielle kontraktsføresegnene nedanfor. Ved motstrid vil dei spesielle kontraktsføresegnene gå føre dei generelle.

2 Spesielle kontraktsføresegner

2.1 Seriøsitetsføresegner

Entreprenøren plikter å halde seg innafor kommunens seriøsitetsføresegner, sjå vedlagt. «Stordmodellen» er i Stord kommune innført som tillegg i kontraktsvilkår i bygg- og anleggskontraktar, og relevante tenestekontraktar. Oppfølging av vilkåra i prosjektrapportering/prosjektmøter.

2.2 Lærlingar

Det er et krav at leverandøren er knytt til ei lærlingordning og at lærlingar skal delta i utføringa av kontraktarbeidet i tenestekontrakter og kontraktar om bygg og anleggsarbeid.

Kravet kan oppfyllast av Leverandøren eller ein eller fleire av hans underleverandørar.

Utanlandske entreprenørar kan oppfylle lærlingkravet ved å nytte lærlingar som er tilknytt offentleg godkjent lærlingordning i Norge eller tilsvarande ordning i anna EU/EØS- land.

Leverandøren skal ved oppstart, og på oppfordring under gjennomføringa av kontraktarbeidet, dokumentere at krava er oppfylt.

Ved avslutning av kontrakten skal det framleggas oversikt over tal på timer utført av lærlingar. Timelister skal framleggas på oppfordring, samt sendast saman med mnd faktura. Lærlingoversikt sendes over månadleg.

Kravet gjelder ikkje om Leverandøren kan dokumentere reelle forsøk på å inngå lærekontrakt utan å lykkast. Tilsvarande gjeld dersom Leverandøren har inngått lærekontrakt, men på grunn av forhald som skuldast lærlingen, ikkje kan nytta vedkommande under leveransen.

Oppdragsgjevar skal gjennomføre naudsynt kontroll av om krav om bruk av lærlingar vert haldt. Ved brot på plikta skal Leverandøren rette forholdet innan den frist Oppdragsgjevar fastset. Der Leverandøren sjølv oppdagar brot på plikta, skal Leverandøren utan opphald opplyse Oppdragsgjevar

om forhalda og rette forhalda innan den frist Oppdragsgjevar fastset. Dersom forhalda ikkje kan rettast, kan Oppdragsgjevar krevje dagbot med kr. 1000 pr dag krava ikkje er oppfylt.

Vesentleg misleghald som ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå Oppdragsgjevar, kan av Oppdragsgjevar visast til som grunnlag for heving.

2.3 Fristforlenging

Entreprenøren skal i si framdriftsplanlegging føresette at summen av endringar gir ei auking av vederlaget på inntil 10 % av kontraktssummen utan at han har krav på fristforlenging. Overskriding av denne grensa er det kunn volumet ut over 10 % auking som kan gje grunnlag for fristforlenging.

2.4 Entreprenørens varsel om vederlagsjustering

Krava om særskilt varsel og løpande underretning i NS 8405 punkt 25.3 andre avsnitt bokstav a og fjerde avsnitt, gjelder ikkje for vederlagsjustering for kapitalytingar, rigging, drift og nedrigging.
I staden for andre avsnitt punkt a og fjerde avsnitt gjeld følgande føresegner for vederlagsjustering for kapitalytingar, tilrigging, drift og nedrigging:
Om entreprenøren ikkje har fått fristforlenging reknast vederlagsjusteringa etter formel for uendra byggetid. Om entreprenøren har fått fristforlenging reknast vederlagsjustering etter formel for endra byggetid.

Uendra byggetid

Om prisen på netto vederlagsjusteringar som følge av forhold skildra i NS 8405 punkt 25.2 ved uendra byggetid ikkje overstig 10 % av kontraktssum, blir det ikkje gjeve kompensasjon.
Overstig prisen på netto vederlagsjusteringar ved uendra byggetid 10 % av kontraktssummen, blir det gjeve kompensasjon etter følgande formel:

$Vs = 0.5 \cdot R \cdot (A - 1.1 \cdot B)/ B$

Vs = Kompensasjon for auka utgifter til kapitalytingar, rigging, drift og nedrigging, eks mva
R = Opphaveleg avtalt vederlag for rigg- og driftskapittelet, eks mva
A = Kontraktsverdi av alt utført arbeid på tidspunkt for opphaveleg sluttfrist, eks mva
B = Opphaveleg kontraktsbeløp (kontraktssum eks mva)
Ved berekning av kontraktsverdi av utført arbeid på tidspunkt for opphaveleg sluttfrist eks. mva. (A), skal følgande ikkje tas med:

- Regulering av kontraktssum pga. lønns- eller prisstigning
- Påslag for administrasjon av sideentreprenør eller tiltransport av entreprise/leverandørkontrakter
- Avbestillingserstatning

- Endringsarbeid som gjerast opp inklusive rigg-del
- Kompensasjon for økt rigg-del i endra byggetid

Forlenga byggetid

Har entreprenøren krav på fristforlenging av sluttfristen etter NS 8405 punkt 24.1, jfr. 24.5, skal vederlagsjustering for kapitalytingar, rigging, drift og nedrigging kompenserast etter følgande formel:

$Vf = 0.7 \cdot R \cdot (t2 – t1)/ t1$

Vf = Kompensasjon for økte utgifter til kapitalytingar, rigging, drift og nedrigging, eks mva

R = Opphaveleg avtalt vederlag for rigg- og driftskapittelet, eks mva

t1 = Opphaveleg byggetid

t2 = Avtalt ny byggetid

Dersom behovet for rigg- og driftsytingar i fristforlengingsperioden er vesentleg lågare enn i byggeperioden forøvrig, skal det gjerast ein tilsvarande reduksjon av R i berekningane av kompensasjonen.

Kompensasjonen ifølge formlane over skal lønns- og prisregulerast iht. avtalte indekser som gitt i kontrakten, rekna i månader frå tilbodsdato til tyngdepunkt for produksjon i byggetida.

Indeksregulering

Kontrakten indeksregulerast. Det nyttes indeksregulering for bustadblokk i alt og første månad i berekning av indeksregulering (T0) gjelder frå kontraktsignering.

2.5 Sluttdokumentasjon

Sluttdokumentasjonen skal stette kravet i Stord kommune si VA norm. Sluttdokumentasjon for VA skal leverast byggherren **28 dagar før overtakingssynfaring**. Anna sluttdokumentasjon **14 dagar før overtakingssynfaring**. Entreprenøren skal leggje til grunn at alt arbeid knytt til sluttdokumentasjon er ein del av byggetida. Kontraktarbeida vert ikkje rekna som ferdigstilte før kravd sluttdokumentasjon er levert og godkjend. Framdriftsplanen skal synleggjere aktivitetar og milepålar for utarbeiding, kontroll og levering av sluttdokumentasjon.

Dokumentasjon for Forvalting Drift Vedlikehald (FDV) som krevd i prosjektdokumenta og overlevering til byggherren av måledata som grunnlag for utarbeiding av ferdigvegteikningar og digitale vegmodellar skal leverast. Dette omfattar også alle naudsynte oppmålingar og innmålingar. Prosessen omfattar også leveranse av digitale ferdigvegsdata til oppdatering av FKB (Felles Kart Base) og NVDB (Nasjonal Veg Data Bank)

Ikkje godkjent sluttdokumentasjon er å sjå på ein vesentleg mangel, og gir byggherren rett til å nekte overtaking av kontraktarbeidet.